

Landbruksdag i Omvikdalen neste laurdag

10.08.2006

Neste laurdag, 19. august, er det tid for den tradisjonsrike landbruksdagen i Omvikdalen, ei av dei største landbruksbygdene i vårt fylke. Det blir framvisning av ulike husdyr, maskinar og reiskap og bygdekvinnelaget, bondelaget og Lauvsprett 4H er arrangør.

Av ei pressemelding går det fram at bygdekvinnelagets utstillingstema i år er "Gamle brystduker og belte", ein godbit for alle bunadsinteresserte. Det blir også utstilt gamle flyfoto frå dalen, Lauvsprett 4H har leikar og konkurransar for store og små og kalvemønstringa vert eit høgdepunkt. I den får baorn opp til 15 år visa kva dei kan.